

60 millimeter på fredag

19.08.2013



Fredag kom det 60,8 millimeter regn frå klokka 5.30 til 23.30 på Korsnes men det var ingen rekord. Ein gong ifjor kom det nesten dobbelt så mykje - 112 millimeter. Observatør Kurt Haugland (biletet) kan konstatere at også august har vore relativt nedbørfattig når ein gjer unnatak for denne helga og starten av månaden. Den 3. august kom det til dømes 50 millimeter og ialt til no er det registrert 216 millimeter.

I juli kom det berre 95 millimeter.

Ser ein på temperaturane viser det seg at toppen i juli vart nådd den 24. med 27,9, medan middeltemperaturen var 16. Men august-toppen så langt vart nådd den 2. med 28,9. Som ein hugsar kom det Festidalen til gode!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen